

## **VEDTEKTER FOR RAULANDSAKADEMIET A/S NORSK SENTER FOR FOLKEKULTUR.**

§1. Selskapets namn skal vere Raulandsakademiet AS Norsk Senter For Folkekultur.

§2. Selskapets forretningskontor er Vinje Kommune med adresse Akademiet 2, 3864 Rauland.

§3. Selskapets formål er utleige, overnatting, kurs og aktivitetstilbod, og det som naturleg høyrer til slik verksemd.

§4. Aksjekapitalen er på kr 35 150 000 fordelt på 35 150 aksjer à kr 1000.

Vinje kommune: 34 850 aksjer

Vestfold og Telemark fylkeskommune: 300 aksjer

§5. Selskapets aksjer kan ikkje omsetjast utan samtykke frå styret. Ved eventuelt sal skal øvrige aksjonærar ha forkjøpsrett.

§6. Selskapets styre skal ha 5 medlemmer med varamedlemer. Vinje Kommune vel 4 representantar, med rekkjefylgjevara til sine representantar. Desse blir valde på generalforsamlinga. Vestfold og Telemark Fylkeskommune vel sjølv 1 representant med personleg vara.

Generalforsamlinga vel valnemnd med tre medlemmer. Ein representant blir skifta ut kvart år. Kvart medlem sit i tre år, og er leiar for nemnda siste året.

Valnemnda kjem og med forslag til styregodtgjersle.

§7. Selskapets styre har rett til å meddele prokura.

§8. Generalforsamlinga i selskapet skal haldast kvart år innan utgangen av juni månad.

I den ordinære generalforsamlinga skal handsamast:

- A. Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse.
- B. Gjere vedtak om korleis årets overskot eller dekking av eit eventuelt underskot skal disponerast i høve til den fastsette balansen.
- C. Vedta eventuell utdeling av utbytte på aksjene.
- D. Foreta dei naudsynte val.
- E. Handsame innkomne forslag.

§9. Ekstraordinær generalforsamling må haldast når det blir kravt av styret, selskapets revisor eller ein av aksjonærane.

*Vedteke på generalforsamling 3.12.2020.*